



Terje J. Ledahl AS
Nordnesveien 21
5005 BERGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 17/2254 - 17/15317

Saksbehandlar:
Tonje Nepstad Epland
tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:
14.12.2017

Byggesak gbnr 77/81 Solheim vestre - terrengstøttemurar og planering av 5 tomter - søknad om igangsettingsløyve arkivert utan vidare handsaming

Kommunen stadfestar å ha mottek dykkar søknad om «sprenging, fylling og oppsetting av murer» 14.11.17.

Dykkar søknad var vedlagt søknadsblankett 5174 der det var kryssa av for eitt-trinns løyve. Vidare vart det vedlagt gjennomføringsplan med versjonsnummer 1. Søknaden er også vedlagt søknad om dispensasjon som ikkje tidlegare har vorte handsama. Søknaden har difor i samsvar med kommunen sine postføringsrutinar vorte ført som ein ny byggesak og ikkje som søknad om IG knytt til sak 17/912.

I telefonsamtale 11.12.17 vart det opplyst at søknaden frå dykkar side er meint som søknad om IG i høve rammeløyve av 11.05.17 (sak 17/912).

Kommunen viser til våre mangelbrev datert 15.08.17, 04.09.17 og 04.10.17 der det går fram at terrengstøttemurene har ein dimensjon og plassering som medfører at murene er søknadspliktig konstruksjon og krev dispensasjon, og difor ikkje vil verte omfatta av rammeløyve av 11.05.17.

Kommunen kan ikkje handsame søknad om igangsettingsløyve for eit tiltak som ikkje er omfatta av rammeløyve.

Nye situasjonsplanar, terrengsnitt og profilar viser at tomtene ikkje kan grovplanerast utan at terrengstøttemurene samstundes vert oppført. Det vil difor heller ikkje vere grunnlag for å gje igangsettingsløyve for grovplanering av tomtene før terrengstøttemurene er omsøkt og godkjent.

Dykkar søknad om igangsettingsløyve for oppføring av terrengstøttemurer og grovplanering av bustadtomter kan ikkje handsamast og vert arkivert utan vidare handsaming.

Kommunen ser at dei same murene er omsøkt i fem søknader om rammeløyve som gjeld dei einskilde bustadene. Rammeløyve i desse sakene vil såleis gje grunnlag for å søke IG for murene.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Helland Eiendom & Invest AS	Idrettsvegen 3	5936	MANGER
-----------------------------	----------------	------	--------

Mottakarar:

Terje J. Ledahl AS	Nordnesveien 21	5005	BERGEN
--------------------	-----------------	------	--------